

Svein Kvamme
Bekkjarvikveien 63 B
5114 TERTNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/571 - 21/61727

Saksbehandlar:
Øystein Hafnor Kolstad
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.no

Dato:
16.09.2021

Landbruksak GBNR 245/5 Kvamme (Ostereidet) - Svar på søknad om bygging landbruksveg

Administrativt vedtak: Saknr: 966/21

VEDTAK:

Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier gjev Alver kommune Anne Karin Kvamme løyve til bygging av omsøkt veg på 245/5 Kvamme.

Vilkår

- Dersom det kjem fram kulturminner under arbeida må alt arbeid stoggast og Vestland fylkeskommune varslast
- Vegen skal byggast som vist på kart datert 11.04.2021 der den ikkje kjem i konflikt med vassdraget.
- Løyver, fullmakter og nabovarslar må vera til stades før bygging kan settast i gong
- Vedtaket er gyldig til 30.09.2024

Om ikkje arbeida er sett i gong innan frist for løyvet fell løyvet bort jf. forskrift 2015- 05-28-550, paragraf 3-2.

Saka gjeld

Anne Karin Kvamme søker om bygging av ca 150meter landbruksveg for tilkomst til skog, jordbruksareal og våningshus på eigedommen samt ei hytte. Vegen er planlagd i vegklasse 7, landbruksvegforskrifta og har ein estimert kostnad på 275000 kr. Det er ca 100dekar produktiv skog på eigedommen og ca 1000 kubikk hogstmoden skog.
Det er gitt løyve til avkjørsle frå fylkesveg.

VURDERING:

Formålet med denne forskriften er å sikre at planlegging og bygging av landbruksvegar skjer på ein måte som skal gje landbruksfaglege heilhetsløsningar. Det skal samtidig leggast vekt

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

på hensynet til miljøverdiar som naturmangfald, landskap, kulturminner og friluftsliv, hensynet til fare for flom, erosjon og lausmasseskred, samt andre interesser som blir berørt av vegframføringa.

Vegen vil i denne saka tønna både skog og jordbruksføremål og er såleis i tråd med forskrifter sjølv om den og gjer tilkomst til ei hytte.

Prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlagd berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng.

Kommunen har mellom anna sjekka areala i Naturbase, gardskart og Artsdatabanken.

Det er gjort funn i nærleiken med viktige naturtypar som Gråor-heggeskog og haustingsskog med ask.



Ved uttak av skog må ein visa særlege omsyn og ta kontakt med Statsforvaltaren/kommunen i forkant av hogst.

Saka har vært på høyring til Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland og Alver kommune v/kulturavdelinga. Uttaile fra fylkeskommunen og Statsforvaltaren ligg vedlagd.

Regelverk

Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier

Naturmangfaldslova

Forvaltningslova

Kulturminnelova

Offentlegheitslova

Privatrettslege tilhøve

Vegbygging som skjer på ein annan person sin eigedom skal også ha løyve i frå den som eige grunnen. At kommunen har gitt et løyve, går ikke framfor manglante privat rett. Ein eventuell manglante privat rett er noko som må løysast privat, og er dessverre ikkje noko kommunen kan hjelpe med.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/571

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Øystein Hafnor Kolstad
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Miljøfagleg kommentar - landbruksveg - gbnr 245/5 Kvamme
Kulturminnefagleg fråsegn - Bygging av landbruksveg - gbnr 245/5 Kvamme

Mottakarar:

Anne Karin Kvamme
Svein Kvamme

Bekkjarvikveien 63 B 5114 TERTNES
Bekkjarvikveien 63 B 5114 TERTNES